



Fylkesmannen i Hordaland  
P.b 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: Hege Brekke Hellesøe  
Vår: 15/1419 - 15/21599

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:

02.12.2015

## Ang. høyring og offentleg ettersyn av KU - Flytting av Blom Fiskeoppdrettsanlegg

Me viser til dykkar klage av 24.11.2015 og til telefonsamtale med dykkar Hege Brekke Hellesøe.

Slik me forstår det så er klagen fremja på grunn av ei misforståing.

Fylkesmannen meiner at ei konsekvensutgreiing må på høyring uavhengig av om den viser at tiltaket fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, eller fører til auka fare for spreining av sjukdom.

Kommunen vil behandle Konsekvensutgreiinga i samsvar med reglane i *Forskrift om konsekvensutredning for planar etter plan- og bygningslova*, med frist for å gje uttale på minimum 6 veker.

Dispensasjonsvedtaket er gjeve på fleire vilkår for å ivareta alle omsyn i saka, og for å ivareta krav til medverknad. Kommunen meiner likevel det er ei overvekt av grunnar som talar for dispensasjon i saka.

Fylkesmannen ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon som omsøkt, og ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Det er viktig i denne saka å oppretthalde dispensasjonsvedtaket slik at ein parallelt kan arbeide med akvakultursøknaden etter *forskrift om konsekvensutredning for tiltak etter sektorlover*. Det hastar for oppdrettsnæringa å få realisert ei flytting. Det er elles ikkje gjeve løyve til igangsetjing av noko tiltak, og det skulle vere unødvendig å krevje at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing.

Me håpar fylkesmannen kan vere smidig i denne saka som er av så stor samfunnsinteresse, og der det er vanskeleg å balansere mellom fleire statlege organ. Me bed om tilbakemelding om det er slik at klagen beror på ei misforståing.

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Blom Fiskeoppdrett AS  
Øyvind Oddekalv

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

P.b 7310

5020

BERGEN